

Ta imot eit menneske
som treng språk- og arbeidspraksis i di bedrift

Introduksjons- programmet

FOR NYLEG KOMNE FLYKTINGAR



Gjennom introduksjonsprogrammet får flyktningar høve til å lære seg norsk ved å ha praksis i arbeidslivet. Utplasseringa skal finansierast av staten.

Det er mange som etterlyser ei betre integrering av flyktningar. Vil du vise at du bryr deg og ønskjer å bidra, har du sjansen no.

Introduksjonsprogram

Den nye lova om introduksjonsordning for flyktningar som er nyleg komne, blei obligatorisk frå 1. september 2004.

Det er eit kollektivt ansvar å gi flyktningar høve til å lære seg norsk og få seg ein jobb. Det å vere i dagleg dialog med nordmenn er avgjerande for å bli integrert i samfunnet og starte eit nytt liv.

Introduksjonslova gir flyktningar mellom 18 og 55 år som er nyleg komne, rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram.

Målet er å kvalifisere flyktningane til å delta i arbeids- og samfunnslivet. Det er og viktig at dei kjem i gang med godkjenning av utdanning eller yrkesprøving slik at dei kan nytte kompetansen sin i Noreg.

Flyktningane får introduksjonsstønad, og det er kommunen som buset flyktningane,

som har ansvaret for introduksjonsprogrammet lokalt. Språk- og arbeidspraksis kan vere ein del av introduksjonsprogrammet for flyktningane.


Kvifor næringslivet?

Flyktningar treng språk- og arbeidspraksis for å bli betre i norsk og få erfaring frå norsk arbeidsliv. Flyktningen får og lære om norsk arbeidsliv og arbeidslivskultur, og vil få eit nettverk som er til nytte i samband med jobbsøking seinare.

Gjennom erfaring veit vi at fleire får jobb i praksisperioden, og det er mogeleg å lage eit fleksibelt opplegg dersom dette skulle bli aktuelt.

Hugs at flyktningar og er ressurspersonar. Dei har forskjellig kompetanse og arbeids erfaring, og det kan like gjerne vere ein





utdanna ingeniør som treng språktrening, som ein sjølv lært skomakar.

Kommunane legg vekt på å samarbeide med bedrifter i ulike bransjar om utplassering av deltakarane. Kvar deltakar har ein kontaktperson i kommunen som har ansvar for oppfølging i bedrifta. Introduksjonsprogrammet legg opp til eit tett samarbeid for å sikre kvalitet og gjensidig nytte, både for deltakarane og samarbeidande bedrifter.

Kan du bidra?

Språkpraksis er ein metode i norskundervisninga som inneber at du tek imot ein flyktning i bedrifta i ein avgrensa periode. Deltakaren hjelper til i det daglege arbeidet etter avtale mellom bedrifta og ein ansvarleg kontaktperson i kommunen.

Bedrifta får og oppfølging av kontaktpersonen i kommunen.

Deltakarane har fått innføring i plikter og rettar i norsk arbeidsliv før dei går ut i praksisperioden, men uformelle reglar lærer dei best på arbeidsplassane. I dette arbeidet er det viktig at læraren frå kommunen spelar på lag med den som følgjer opp deltakaren i bedrifta.

Arbeidspraksis er eit arbeidsmarknads-tiltak som har som mål å auke den sjansen kvar ein skild har på arbeidsmarknaden gjennom tilrettelagt arbeidstrening.

Du opnar ei dør til arbeidslivet for ein flyktning, og til gjengjeld får du arbeidskraft noen månader utan ekstra økonomiske utgifter.

Hugs:

- **Mange flyktningar har utdanning og arbeidserfaring som er svært nyttig for norsk arbeidsliv.**
- **Bedrifta får arbeidskraft i noen månader. Dette er menneske som kan bidra med relevant kompetanse og erfaring.**
- **I tillegg til å vise samfunnsansvar og engasjement, vil innsatsen din stimulere integreringsprosessen i det norske samfunnet. Det er enno høgare arbeidsløyse blant flyktningar enn resten av befolkninga.**

Introduksjonsprogrammet

SPRÅKPRAKSIS er ein del av introduksjonsprogrammet for dei som er i ein tidleg fase av programmet. Deltakarane

treng kommunikasjonstrening i ein arbeidssituasjon for å bli betre i norsk og lære om det norske arbeidslivet.

ARBEIDSPRAKSIS er for flyktningar som er sterkare språkleg og snart klare for arbeidslivet. Deltakarane

bør få brukt den kompetansen dei allereie har, og eventuelt få opplæring etter avtale med arbeidsgivar.

Kven kan delta i introduksjonsprogrammet?

Stortinget har vedteke at personane må vere busette etter avtale med UDI og kommunane. Flyktingar som tilhører gruppene nedanfor, kan delta i programmet:

- **overføringsflyktingar**
- **flyktingar med politisk asyl**
- **personar med opphald på humanitært grunnlag**
- **personar med kollektivt vern**
- **personar som er familiesameint med personar som hører til ei av desse gruppene.**

Oppfølging på arbeidsplassen

Det er ønskjeleg at bedrifta stiller med ein rettleiar for deltakaren. Rettleiaren bør vere ein som har erfaring frå opplæring av lærlingar eller nyttilsette. Det er viktig at rettleiaren har direkte kontakt med deltakaren i arbeidstida. Rettleiaren bør helst vere ein person som arbeider saman med deltakaren.

Slik gjer du

Ta kontakt med den flyktingansvarlege/flyktingkontoret i kommunen. Alle kommunar som tek imot flyktingar, har kontaktpersonar som har oversikt over om det er nokon som passer for di bedrift.

